



sparebanken  
sogn og fjordane

# Investorpresentasjon

4. kvartal 2023

## Reisa vår

Gjennomføre tidenes konvertering i SpareBank 1-alliansen.

Bli ein synleg og offensiv allianse-bank.

## Veksten vår

Vekse 5,0 prosent i utlån på BM og nå 50 milliardar i utlån på PM.

Sikre eit godt breiddsal på produkt.

Eigenkapitalavkastning på over 11 prosent.

## Kunden vår

Ha den gode kundeopplevinga i fokus gjennom heile 2024

## Rolla vår

Vere ein god og attraktiv arbeidsplass og ein berekraftig organisasjon i samfunnet, og drifte banken innanfor gjeldande regulatoriske krav.

Stadig utvikle samfunnsrolla vår, ta ansvar i lokalmiljøet vårt og bidra til det grønne skiftet.

# Strategisk retning i 2024

# Finansielle måltal

|               |        |
|---------------|--------|
| EK-avkastning | > 11 % |
|---------------|--------|

|                 |        |
|-----------------|--------|
| Kostnadsprosent | < 40 % |
|-----------------|--------|

|                            |        |
|----------------------------|--------|
| Rein kjernekapitaldekning* | > 17 % |
|----------------------------|--------|

|             |        |
|-------------|--------|
| Utbyttegrad | ≥ 50 % |
|-------------|--------|

\*Rein kjernekapitaldekning inkl. perioderesultat







# På veg inn i SpareBank 1-alliansen

Sparebanken Sogn og Fjordane kunngjorde i april 2023 avtala om eit strategisk banksamarbeid med SpareBank 1-alliansen og investerer 630 millionar kroner for å bli eigar i SpareBank 1 og SamSpar.

Banken, SamSpar og SpareBank 1 Utvikling jobbar no saman for å klargjere for overgang til i alliansen, som etter planen skjer i slutten av 2024.

160 personar er involverte i prosjektet pr. januar 2024.





# Marknadsandeler i Sogn og Fjordane

Privatmarknad\* **50,0 %**

Bedriftsmarknad\* **37,0 %**

Eigedomsmekling\*\* **40,0 %**

\* Marknadsandel volum utlån SSF, tal pr. Q3-2023

\*\* Markedsandel Eigedomsmekling , tal 2023

Kjelde: \*SSF,Early Warning, \*\* Eiendomsverdi

# Hovudlinjer for 4.kvartal 2023

(Tal for samme kvartal i fjor i parentes)



God utlånsvekst : 4,5 % siste 12 månadar



Auke i rentenettoen: 381 mill. kr (332 mill. kr)



Resultat frå finansielle instrument: -11 mill. kr (+1 mill. kr)



Tap på utlån: -1 mill. kr ( mot 30 mill. kr)



God likviditet og soliditet:

- LCR 165 % (165 %)
- Rein kjernekapitaldekning 17,8 % (17,4 %)




Resultat pr. EK-bevis (konsern): kr 8,98 (kr 7,57)




Eigenkapitalavkastning: 12,1 % p.a. (11,0 % p.a.)

# Utvikling viktige nøkkeltal


## Kostnader i % av inntekter




## Tap i % av utlån



## EK avkastning resultat etter skatt




## Rein kjernekapital



# Finansielle måltal

|                            | måltal | status pr. Q4 |
|----------------------------|--------|---------------|
| EK-avkastning              | > 11 % | 13,5 % ✓      |
| Kostnadsprosent            | < 40 % | 32,7 % ✓      |
| Rein kjernekapitaldekning* | > 17 % | 17,8 % ✓      |
| Utbyttegrad                | ≥ 50 % | 60 % ✓        |

\*Rein kjernekapitaldekning inkl. perioderesultat







# Styrka rentenetto

Høgare kundemargin og vekst i utlån og innskot bidrar til stigande rentenetto

Rentenetto i mill. kr



Rentenetto i % av GFK




Netto renteinntekter i mill. kr og i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)


# Fin utlånsvekst i privatmarknaden

Banken har ein solid marknadsposisjon i Sogn og Fjordane, men har også god vekst i privatmarknaden utanfor fylke

## Utlån privatmarknad




## Innskot privatmarknad




# Redusert utlånsvekst til bedriftsmarknaden

Positiv utvikling i utlåna det siste kvartalet

## Utlån bedriftsmarknad



## Innskott bedriftsmarknad







# Kundemargin

Banken har varsla ny renteoppgang for lån og innskot som endå ikkje har fått effekt. Endringa vil gi positiv effekt på kundemarginen framover

## Utlånsmargin




## Innskotsmargin



Viser innskots- og utlånsrenter for innskot og utlån frå kundar målt mot 3 mnd. Nibor. Grafen inkluderer både innskot og utlån med flytande og faste renter. Innskot og utlån i utanlandsk valuta er ikkje inkludert.


# Fin utvikling i sparing og forsikring



## Endring mot Q4-2022




# Finansielle investeringar




# Kostnadseffektiv drift

Auken i kostnader siste kvartal skuldast primært høgare konsulenthonorar pga. fleire pågåande prosjekt, auka lønnskostnader og generelt høg prisvekst

Driftskostnader



Driftskostnader i % av sum inntekter






# Låge tap på utlån


Reduksjon i modellbaserte tap og auke i tap på individuelt vurderte engasjement gir ein nettoeffekt på -1 mill. kr

## Resultatført tap på utlån



Tal pr. kvartal i mill. kr


## Balanseført tapsavsetning på utlån, pr. trinn




# Godt resultat

Resultatframgang på 32 mill. kr mot 4. kvartal i fjor. Skuldast primært god vekst i netto renteinntekter og tilbakeføring av tap på utlån.

Resultat etter skatt



EK-avkastning resultat etter skatt




Tal for kvartalet i mill. kr.

EK avkastninga er rekna av inngåande EK justert for hybridkapital


# Kredittrisikoen i privatmarknaden er vurdert som låg

Over 99% av utlåna til privatmarknaden er sikra med pant i bustad

Brutto engasjement PM i % fordelt pr. steg



Andel misleghaldne engasjement PM >90 dagar




Auken av lån i trinn 2 kjem i hovudsak av endringar i regelsett for overføring. Sjå note 6 i kvartalsrapport for meir informasjon


# Kredittrisikoen for bedriftsmarknaden er moderat

Banken følgjer næringslivet i Sogn og Fjordane tett. Førebels er aktiviteten i næringslivet god, men banken ventar reduksjon i aktiviteten og i investeringane i enkelte bransjar framover

Brutto engasjement BM i % fordelt pr. steg




Andel misleghaldne engasjement til BM > 90 dagar




Auken av lån i trinn 2 kjem i hovudsak av endringar i regelsett for overføring. Sjå note 6 i kvartalsrapport for meir informasjon

# Segment og bransjefordeling

Fordeling av brutto utlån




Brutto utlån til bedriftsmarknaden  
i mill. kr






# Forslag til resultatdisponering




99 % av utbytte går til våre eigarstiftingar som igjen brukar av dette til gåver og allmennyttige formål

# God kapitaldekning


Kapitaldekning



Uvekta kjernekapitalandel  
(leverage ratio)



# Forfallsfordeling funding



# Hovudlinjer for 2023

(Tal for i fjor i parentes)



Framleis god utlånsvekst: 4,5 % (6,7 %)



Auke i inntekter: 1.667 mill. kr (1.314 mill. kr)



Kostnadene aukar: 546 mill. kr (499 mill. kr)



Tap på utlån: 13 mill. kr (mot 36 mill. kr)



**God likviditet og soliditet:**

- LCR 165 % (165 %)
- Rein kjernekapitaldekning 17,7 % (17,3 %)



Resultat pr. EK-bevis (konsern): kr 37,79 (kr 26,98)




God egenkapitalavkastning: 13,5 % (10,2 %)


# God langsiktig utvikling i innskot og utlån

Veksten i 2023 er god når ein ser tilbake på eit år prega av urolege tider og vesentleg endring i rentenivået.

Innskot siste 5 år




Brutto utlån siste 5 år




# Sterk rentenetto i 2023

Rentenettoen auka med 27,7% det siste året, primært grunna høgare kundemargin og vekst i innskot og utlån  
Banken har gjennomført 6 renteendringar i 2023

Rentenetto i mill. kr



Rentenetto i % av GFK




Netto renteinntekter i mill. kr og i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)




# God utvikling i sparing og forsikring


Målretta aktivitet siste åra har gitt god effekt på andre inntekter



## Endring mot 2022




Sparing og plassering




Forsikringsteneste

Lågare lønsemdsprovisjon samanlikna mot 2022  
God utvikling i forsikringsprodukta gjennom året




Betalingsformidling

# Finansielle investeringar




Endring mot 2022




# Auke i driftskostnader siste året

Skuldast i hovudsak honorar til eksterne konsulentar, fleire tilsette og lønnsvekst

Driftskostnader i mill. kr




Driftskostnader i % av sum inntekter



# Låge tap på utlån


Auke i balanseførte tap skuldast primært høgare tap på individuelt vurdert engasjement. Dei modellbaserte tapa er redusert det siste året

Resultatført tap på utlån



Tal i mill. kr


Balanseført tap i % av utlån




# Godt resultat for 2023

Det gode resultatet er først og fremst drive av sterk utvikling i netto renteinntekter. Godt resultat fra andre inntekter og låge tap på utlån

Totalresultat




EK avkastning av totalresultat




Tal i mill. kr

# God kapitaldekning

Kapitaldekning



Uvekta kjernekapitalandel  
(leverage ratio)



Kapitaldekning er rekna ut under føresetnad av utbytte på 60 % av konsernresultat





sparebanken  
sogn og fjordane

Banken i samfunnet



# 1 av 2 er kunde hos oss

I fjerde kvartal 2023 nådde banken ein milepæl på privatmarknaden. Banken sin marknadsandel i Sogn og Fjordane har nemleg bikka 50 prosent.

Det betyr at éin av to bustadlånkundar i Sogn og Fjordane har lånet sitt hos oss.







I 2023 fekk banken 533 nye bedriftskundar, og dei totale utlåna til bedriftsmarknaden auka med 2,3 prosent. Vi har 40 tilsette som er tett på næringslivet i Sogn og Fjordane.



# Har takla prisveksten bra hittil

Utsiktene for kundane våre, både på privat- og bedriftsmarknaden har i 2023 vore meir usikre, men no er rentetoppen truleg nådd.


Kundane våre har generelt sett takla både auka renter og høgare prisar godt.

91,2 prosent av privatkundane betener låna sine utan avdragsfritak, mot 92 prosent for eitt år sidan.

Banken følgjer tett opp kundane og ber alle som kjenner seg usikre, om eigen økonomisk situasjon, om å ta kontakt.



# Arbeidsløysa i Sogn og Fjordane held seg på eit lågt nivå



Arbeidsløysa målt i % av samla arbeidsstyrke i Sogn og Fjordane

# 1 av 4 betalar med mobilen eller klokka

Kvar fjerde betaling utført av kundane våre vert gjennomført med mobilen eller klokka.

Går ein berre to år tilbake gjaldt det kvar tiande betaling.







Fastrenteinnskot blir meir og meir populært. I dag er om lag 10 prosent av innskota til kundane våre fastrenteinnskot.

# Eigarstruktur og samfunnsansvar



sparebankstiftinga  
sogn og fjordane



skape og dele  
Sparebankstiftinga **FJALER**




sparebanken  
sogn og fjordane



I 2023 har vi gitt  
**80,3 millionar  
kroner**  
i gåver tilbake til lokalsamfunnet






Vi presenterte resultatet for 2022. Det var på 779 millioner kroner før skatt.

Årets største enkeltgave vart delt ut av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Den var på 7,5 millioner kroner og gjekk til det nye forskings- og innovasjonssenteret HVL Robotics Lab. Dette robotikksenteret ligg på Høgskulen på Vestlandet sin campus i Førde.

Vi har hatt stor suksess med våre direktesendte webinar til privatkundane våre. I mars hadde vi også vårt første webinar til bedriftskundane våre – om fondssparing.

På Nordfjordeid samarbeida 60 elevar frå seks ulike linjer ved Stryn VGS og Eid VGS om å bygge Norges grønaste smarthus, Nordfjord Smarthus. Prosjektet fekk 750 000 kroner i gåve frå overskotet til banken.





Lise Mari Haugen vart i april valt som ny styreleiar i banken. Haugen, som erstatta Sindre Kvalheim som leiar, er assisterande kommunedirektør i Sunnfjord kommune og har vore i styret banken sidan 2015.

26. april vart det kjent at Sparebanken Sogn og Fjordane blir medeigar i SpareBank 1-alliansen. Det betyr at Sparebanken Sogn og Fjordane i løpet av 2024 skiftar namn til SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

Totalt 5,2 millionar kroner vart delt ut frå bankoverskotet via Sparebankstiftinga Fjaler. Desse pengane går til gode prosjekt i Fjaler Sparebank sitt gamle nedslagsområde i Fjaler og Holmedal-området.


I juni inviterte vi til opning av flunkande nye lokale i bankbygget på Sandane.



Lise Mari Haugen



Våre tilsette på Sandane





Gjennom sommaren støtta vi 20 arrangement i Sogn og Fjordane. Skjærgårdstreffet, Måløydagane, Malakoff og Havblikk, var nokre av desse.

Vi arrangerte gratis treningøkt med Funkygine i Førde og Sogndal. Totalt 1100 sprekingar var med på økta med treningsprofilen.

Vi var delaktig på mellom anna Heilekonferansen og Kraft i Vest. På sistnemnde vart Drivprisen delt ut, og der sit adm. direktør Trond Teigene i juryen. Prisen for 2023 gjekk til Renasys frå Førde.

1600 elever og foreldre i Sunnfjord fekk i oktober med seg «Midt i trynet», eit foredrag om kva konsekvensar rusmisbruk kan føre til. Dette var vi med og arrangerte, og i 2024 får også fleire i Sogn og Fjordane oppleve foredraget.






Jill Aasen Hole starta i november i jobben som fungerande teknologidirektør. Reiel Haugland, som er teknologidirektør til vanleg, har fått ansvaret som leiar for prosjektet som skal sikre banken sin overgang til SpareBank 1-alliansen.

2400 store og små kosa seg med gratis julekino saman med oss. Totalt 15 framsyningar av «Den første Jul i skomakergata» rundt om i Sogn og Fjordane.

På tampen av 2023 signerte vi nye avtalar med Førdefestivalen, Florø Fotball og 100-årsjubilanten Sogn og Fjordane Skikrins.

På slutten av året var det mange store gåver som vart delt ut frå overskotet vårt. Mellom anna tre millionar til Nynorsk Scenespråksenter, to millionar til Røde Kors si nye beredskapshytte i Hodlekve og éin million kroner til Norsk Fjordhestsenter på Nordfjordeid.



Jill Aasen Hole



# Kontaktinformasjon

## Sparebanken Sogn og Fjordane

Adresse: Langebruvegen 12  
6801 Førde

Heimeside: [www.ssf.no](http://www.ssf.no)  
E-post adresse: [kundesenter@ssf.no](mailto:kundesenter@ssf.no)  
Føretaksnummer: 946 670 081  
Telefon: 57 82 97 00


### Kontaktpersonar:

|                 |                        |
|-----------------|------------------------|
| Trond Teigene   | Frode Vasseth          |
| Adm. direktør   | Dir. økonomi og finans |
| Tlf. 908 25 086 | Tlf. 951 98 452        |




# Eigenkapitalbevis

Bokført egenkapital pr. EK bevis



Resultat pr. EK bevis pr. kvartal



Tal i kr pr. kvartal

# Kvartalsvis resultatutvikling konsern

|                                                        | 4. kv. 23  | 3. kv. 23  | 2. kv. 23  | 1. kv. 23  | 4. kv. 22  |
|--------------------------------------------------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| <b>Netto renteinntekter</b>                            | <b>381</b> | <b>379</b> | <b>356</b> | <b>350</b> | <b>332</b> |
| Andre driftsinntekter                                  | 40         | 45         | 45         | 37         | 46         |
| Utbytte og verdiendring finansielle instrument         | - 11       | - 29       | 60         | 14         | 1          |
| <b>Netto andre driftsinntekter</b>                     | <b>29</b>  | <b>15</b>  | <b>105</b> | <b>51</b>  | <b>47</b>  |
| <b>Sum inntekter</b>                                   | <b>410</b> | <b>395</b> | <b>462</b> | <b>401</b> | <b>379</b> |
| Driftskostnader                                        | 150        | 141        | 128        | 127        | 128        |
| <b>Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar</b> | <b>259</b> | <b>254</b> | <b>334</b> | <b>274</b> | <b>250</b> |
| Nedskrivning på utlån og garantiar                     | - 1        | 30         | - 11       | - 4        | 30         |
| <b>Resultat før skatt</b>                              | <b>260</b> | <b>225</b> | <b>345</b> | <b>278</b> | <b>220</b> |
| Skatt                                                  | 59         | 58         | 75         | 69         | 51         |
| <b>Resultat etter skatt</b>                            | <b>201</b> | <b>166</b> | <b>270</b> | <b>210</b> | <b>169</b> |
| Estimatavvik pensjon                                   | 0          | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>TOTALRESULTAT</b>                                   | <b>201</b> | <b>166</b> | <b>270</b> | <b>210</b> | <b>169</b> |

# Kvartalsvis resultatutvikling konsern forts.

|                                                        | 3. kv. 22  | 2. kv. 22  | 1. kv. 22  | 4. kv. 21  |
|--------------------------------------------------------|------------|------------|------------|------------|
| <b>Netto renteinntekter</b>                            | <b>291</b> | <b>268</b> | <b>257</b> | <b>250</b> |
| Andre driftsinntekter                                  | 43         | 43         | 34         | 42         |
| Utbytte og verdiendring finansielle instrument         | - 18       | - 11       | 29         | 63         |
| <b>Netto andre driftsinntekter</b>                     | <b>25</b>  | <b>32</b>  | <b>63</b>  | <b>105</b> |
| <b>Sum inntekter</b>                                   | <b>315</b> | <b>300</b> | <b>320</b> | <b>355</b> |
| Driftskostnader                                        | 128        | 125        | 118        | 123        |
| <b>Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar</b> | <b>187</b> | <b>175</b> | <b>203</b> | <b>232</b> |
| Nedskrivning på utlån og garantiar                     | 2          | - 13       | 17         | 1          |
| <b>Resultat før skatt</b>                              | <b>185</b> | <b>188</b> | <b>186</b> | <b>231</b> |
| Skatt                                                  | 42         | 45         | 39         | 35         |
| <b>Resultat etter skatt</b>                            | <b>143</b> | <b>143</b> | <b>147</b> | <b>196</b> |
| Estimatavvik pensjon                                   | 0          | 0          | 0          | 0          |
| <b>TOTALRESULTAT</b>                                   | <b>143</b> | <b>143</b> | <b>147</b> | <b>196</b> |

# Hovudtal

Tal i mill. kr, hittil i år.

|                                                                        |              |            |
|------------------------------------------------------------------------|--------------|------------|
| RESULTATREKNESKAP                                                      | 31.12.23     | 31.12.22   |
| Netto renteinntekter                                                   | 1 466        | 1 148      |
| Utbytte og verdiendring på finansielle instrument                      | 34           | 0          |
| Andre driftsinntekter                                                  | 167          | 166        |
| Driftskostnader                                                        | 546          | 499        |
| <b>Resultat før nedskriving (inkl. verdipapir)</b>                     | <b>1 121</b> | <b>815</b> |
| <b>Resultat før nedskriving (ekskl. verdipapir)</b>                    | <b>1 088</b> | <b>815</b> |
| Nedskriving på utlån og garantiar                                      | 13           | 36         |
| <b>Resultat før skatt</b>                                              | <b>1 108</b> | <b>779</b> |
| Skatt                                                                  | 261          | 177        |
| <b>Resultat etter skatt</b>                                            | <b>847</b>   | <b>602</b> |
| Andre innrekna inntekter og kostnader                                  | 0            | 0          |
| <b>Totalresultat</b>                                                   | <b>847</b>   | <b>602</b> |
| BALANSE                                                                |              |            |
| <b>Eigedelar</b>                                                       |              |            |
| Brutto utlån til og krav på kundar                                     | 64 286       | 61 498     |
| Nedskriving på utlån                                                   | - 316        | - 314      |
| Verdipapirplasseringar (aksjar, rentefond, sertifikat og obligasjonar) | 8 361        | 8 225      |
| <b>Gjeld og eigenkapital</b>                                           |              |            |
| Innskot frå og gjeld til kundar                                        | 35 796       | 34 846     |
| Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar                      | 28 542       | 27 673     |
| Eigenkapital                                                           | 7 316        | 6 645      |
| Forvaltningskapital                                                    | 73 556       | 70 824     |
| Gjennomsnittleg forvaltningskapital                                    | 72 573       | 68 515     |

# Nøkkeltal konsern

## NØKKELTAL

### Lønsemd

|                                                                                | 31.12.23 | 31.12.22 |
|--------------------------------------------------------------------------------|----------|----------|
| Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital                          | 2,02 %   | 1,67 %   |
| Andre driftsinntekter (ekskl. innt. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap. | 0,23 %   | 0,24 %   |
| Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital                     | 0,75 %   | 0,73 %   |
| Resultat før nedskriving i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital            | 1,55 %   | 1,19 %   |
| Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital                  | 1,53 %   | 1,14 %   |
| Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital                | 1,17 %   | 0,88 %   |
| Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital                       | 1,17 %   | 0,88 %   |
| Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. innt. frå fin. instrument            | 33,41 %  | 37,99 %  |
| Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. innt. frå fin. instrument             | 32,73 %  | 37,98 %  |
| Nedskriving i % av brutto utlån (resultatført)                                 | 0,02 %   | 0,06 %   |
| Eigenkapitalavkastning før skatt 1)                                            | 17,60 %  | 13,21 %  |
| Eigenkapitalavkastning etter skatt 1)                                          | 13,46 %  | 10,21 %  |
| Eigenkapitalavkastning totalresultat 1)                                        | 13,46 %  | 10,21 %  |
| Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis i kr                               | 37,79    | 26,98    |
| Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr                                             | 25,00    | 12,00    |

1) EK-avkastninga er rekna av inng. EK ekskl. hybridkapital

### Soliditet og likviditet

|                                            |         |         |
|--------------------------------------------|---------|---------|
| Kapitaldekningsprosent                     | 20,99 % | 20,15 % |
| Kjernekapitalprosent                       | 19,00 % | 18,39 % |
| Rein kjernekapitalprosent                  | 17,72 % | 17,36 % |
| Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio) | 8,83 %  | 8,65 %  |
| LCR (Likviditetsindikator)                 | 165 %   | 165 %   |
| NSFR konsern                               | 122 %   | 122 %   |
| NSFR morbank                               | 135 %   | 140 %   |

### Balanseutvikling

|                                           |         |          |
|-------------------------------------------|---------|----------|
| Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)     | 3,86 %  | 7,62 %   |
| Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.) | 4,53 %  | 6,67 %   |
| Vekst i innskot frå kundar (12 mnd.)      | 2,72 %  | 7,10 %   |
| Innskot i % av brutto utlån konsern       | 55,68 % | 56,66 %  |
| Innskot i % av brutto utlån morbank       | 91,49 % | 104,80 % |

### Tilsette

|         |     |     |
|---------|-----|-----|
| Årsverk | 286 | 283 |
|---------|-----|-----|